

KIRKEMØTET 2006

KM 13/06 Den norske kyrkja – ein arbeidsplass for menneske med funksjonshemmingar?

Kyrkjemøtekomiteen sine merknader og Kyrkjemøtet sitt vedtak

Komiteen sine merknader

1. Komiteen meiner saksframlegget, Dokument 13.1/06, inneholder mykje nyttig informasjon og peiker på viktige sider ved det å være funksjonshemma arbeidstakar i kyrkja. Komiteen vil også vise til boka *En kirke for alle. Funksjonshemmde i kirken* (Edøy 2000) som gir ei breiare innføring i funksjonshemma sin situasjon i kyrkja. Boka kan med fordel anbefalast til arbeidsgjevarar i kyrkja.
2. Grunnleggjande i denne saka er det kristne menneskesynet som seier at alle menneske er skapte i Guds bilete og er likeverdige. I praksis kjem ikkje dette alltid til uttrykk i kyrkje og samfunn. Den norske kyrkja treng den spesielle livserfaringa som menneske med funksjonsnedsetjing har. Denne erfaringa gjev impulsar som er nødvendige for konkretisering av kyrkje- og menneskesyn og må få konsekvensar for innhaldet i forkynning, undervisning og diakoni.
3. Komiteen vil halde fram at ein må prioritere å legge tilrette Den norske kyrkja som både arbeidsplass og møteplass for menneske med funksjonshemming. På lokalplanet gjeld dette i særskild grad tilgjenge av kyrkjebygg, kontor og andre lokale. For arbeidsgjevaren vil alltid økonomiske og andre tilhøve som gjeld ressursar spele ei rolle. Det er ikkje alltid lett for arbeidsgjevaren å finne fram i lovverk, forskrifter og stønadsordningar. Desse ordningane stimulerer til å tilsetje personar med redusert arbeidsevne. Derfor er det viktig at kompetansen på området vert styrka.
4. Komiteen ser at høgare utdanning kan by på utfordringar for menneske med funksjonshemmingar. Institusjonar som utdannar for kyrkjeleg teneste må også gå inn for universell utforming. ("Utforming eller tilrettelegging av hovedløsningen i de fysiske forholdene slik at virksomhetens alminnelige funksjon kan benyttes av flest mulig." (NOU 2005:8))
5. Det er store krav til effektivitet og økonomisk lønnsemrd i arbeidslivet. Komiteen vil halde fram at kyrkja må åtvare mot rein kommersialisering av arbeidskrafta. Menneske med funksjonshemming treng ulike former for tilrettelegging av arbeidsplassen. Dersom kyrkja får dette til, kan det skape eit betre arbeidsmiljø for alle.

Kyrkjemøtet sitt vedtak

1. Retten til arbeid er viktig for alle menneske. Kyrkjemøtet oppmodar alle arbeidsgjevarar på dei ulike nivåa i Den norske kyrkja om å slutte seg til målsettinga i *Statens personalhåndbok* for 2006 (pkt.1.4.1) ”Regjeringa vil at minst 5 % av nytilsatte i statlig sektor framover skal være personer med nedsatt funksjonsevne.” Alle kvalifiserte arbeidssökjarar/arbeidstakarar må sjåast som likeverdige ved tilsetjing, uavhengig av funksjonsnivå.
2. Den norske kyrkja må gå føre med eit godt eksempel i høve til resten av arbeidslivet. I tillegg til å følgje lover, reglar og ordningar for arbeidssökjarar/arbeidstakarar med funksjonsnedsetjingar i arbeidslivet, bør arbeidsgjevarar i Den norske kyrkja vurdere om dei skal strekkje seg noko lenger.
3. Kyrkjelege arbeidsgjevarar vert oppmoda om å arbeide aktivt for å heve kompetansen når det gjeld å tilsetje og leggje til rette for funksjonshemma arbeidstakarar. Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet i samarbeid med KA - Kyrkjeleg arbeidsgjevar- og interesseorganisasjon og Kultur- og kyrkjedepartementet å setje i gang eit arbeid med sikte på å utforme ein felles arbeidsgjevarpolitikk på dette området i Den norske kyrkja.

Samrøystes vedteke. 81 røysteføre.